

IKKJE OFFENTLEG
FORVALTNINGSLOVA § 13 (teiingsplikt)



S Ø K N A D

REISERETT MED TRANSPORTTENESTA FOR FUNKSJONSHEMMA I MØRE OG ROMSDAL

N B Utfylt søknad skal sendast til sosialkontoret i søkjaren sin bustadkommune. **N B.**

Søknad må vere fullstendig utfylt. Sosialkontoret gjev nærare opplysningar og kan hjelpe til med utfylling av søknad. Sosialkontoret kan be om erklæring på eige skjema frå til dømes lege. Søklar må sjølv betale eventuelle utgifter ved slik erklæring.

Sjå elles orienteringa om transporttenesta på baksida av søknadsskjemaet.

FYLL UT

ETTERNAMN	FORNAMN	FØDT (DAG, MÅNAD, ÅR)
ADRESSE	POSTNUMMER/POSTSTAD	TELEFON

KRYSS AV FOR KVA FUNKSJONSHEMMING(AR):

<input type="checkbox"/>	1. RØRSLEHEMMA	<input type="checkbox"/>	6. REVMATIKAR
<input type="checkbox"/>	2. BLIND	<input type="checkbox"/>	7. HJARTESJUK
<input type="checkbox"/>	3. SVAKSYNT	<input type="checkbox"/>	8. LUNGESJUK
<input type="checkbox"/>	4. DØV/ STERKT TUNGHØRT	<input type="checkbox"/>	9. PSYKISK LIDING
<input type="checkbox"/>	5. PSYKISK UTVIKLINGSHEMMA	<input type="checkbox"/>	10. ANNA (OPPLYS KVA)

EG NYTTAR RULLESTOL

EG NYTTAR STOKK, KRYKKJE, GÅSTOL

EG HAR GRUNNSTØNAD FRÅ TRYGDEKONTORET TIL TRANSPORT

EG HAR STØNAD FRÅ TRYGDEKONTORET TIL KJØP AV BIL

MIN EKTEFELLE/SAMBUAR HAR TRANSPORTTENESTE

MI FUNKSJONSHEMMING BLIR REDUSERT PÅ VISSE ÅRSTIDER

<input type="checkbox"/>	JA	<input type="checkbox"/>	NEI
<input type="checkbox"/>	JA	<input type="checkbox"/>	NEI
<input type="checkbox"/>	JA	<input type="checkbox"/>	NEI
<input type="checkbox"/>	JA	<input type="checkbox"/>	NEI
<input type="checkbox"/>	JA	<input type="checkbox"/>	NEI
<input type="checkbox"/>	JA*	<input type="checkbox"/>	NEI

* DERSOM "JA". SYNEST DE AT DET DÅ "IKKJE BLIR", "BLIR NOKO" ELLER "BLIR MYKJE" LETTARE Å REISE, TIL DØMES MED BUSS ?

EG REISER I DAG SLIK (KRYSS AV):

<input type="checkbox"/>	EIGEN BIL
<input type="checkbox"/>	DROSJE
<input type="checkbox"/>	SIT PÅ MED EKTEFELLE/SAMBUAR, ANNA FAMILIE, KJENDE
<input type="checkbox"/>	BUSS HEILE ÅRET
<input type="checkbox"/>	BUSS, MEN PÅ VINTEREN SJELDAN ELLER ALDRI

AVSTAND TIL NÆRASTE BUSSHALDEPLASS (METER) _____

DERSOM REISERETT BLIR INNVILGA KAN EG REISE SLIK:

<input type="checkbox"/>	EG KAN REISE MED VANLEG DROSJE
<input type="checkbox"/>	EG TRENG SPESIALBIL (TIL DØMES FOR RULLESTOLBRUKAR)
<input type="checkbox"/>	EG KAN REISE ÅLEINE, UTAN SPESIELL HJELP
<input type="checkbox"/>	EG KAN REISE ÅLEINE, MEN TRENG HJELP AV SJÅFØR
<input type="checkbox"/>	EG TRENG Å REISE SAMAN MED EIGEN FØLJGEPERSON

UFYLLANDE OPPLYSNINGAR OM KVIFOR DE SØKJER TRANSPORTTENESTE

DATO	SØKJAREN SI UNDERSKRIFT
------	-------------------------

ORIENTERING TIL SØKJAR OM TRANSPORTTENESTA

Transporttenesta er ei fylkeskommunal ordning, men dei kommunale sosialkontora godkjenner brukarar etter fylkeskommunale retningslinjer. I retningslinjene står det m a:

"Søkjar som grunna si funksjonshemming (fysisk eller psykisk) er varig forflyttingshemma og har vesentlege vanskar med å reise kollektivt, kan godkjennast. Funksjonshemminga må vare minst 1 år for at søkjar skal kunne godkjennast. Graden av funksjonshemming skal leggjast til grunn ved søknad, ikkje type funksjonshemming eller alder. Transporttenesta er ikkje ei erstatning for eventuelt mangelfullt busstilbod på grunn av til dømes avsidesliggjande bustad."

Det kan såleis godkjennast personar som ikkje kan, eller berre med store (vesentlege) vanskar kan reise med buss.

Fylkeskommunen fastset kor mange personar som kan godkjennast som brukarar av transporttenesta i kvar kommune. Sosialkontora kan godkjenne ein søkjar framfor ein annan søkjar. Søkjar kan plasserast på venteliste. Ein brukar blir godkjend for eitt år, men ny årleg søknad er ikkje naudsynt. Ein godkjend brukar kan få oppheva si brukar-godkjenning, til dømes dersom annan søkjar blir prioritert foran, eller dersom retningslinjene blir endra.

Sosialkontora melder frå til fylkeskommunen (samferdselssjefen) om kven som er godkjende brukarar av transporttenesta. Samferdselssjefen sender ut spesielle reisekupongar til godkjende brukarar. Desse reisekupongane skal nyttast ved bruk av transporttenesta.

Transporttenesta er eit tilbod om "dør til dør" transport med drosje eller med småbuss spesielt utstyrt for å transportere funksjonshemma. Transporttenesta er mest eit tilbod om fritidsreiser. Transporttenesta skal ikkje nyttast ved reiser som blir betalt av andre, t d reiser til/frå lege betalt av folketrygda (trygdekontor). Eigendelen ved slike reiser skal ein betale sjølv som andre pasientar.